



Fylkesmannen i Hordaland  
Miljøvern- og klimaavdelinga  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Bergen, 26.01.2015

## Utsetting av sitkagran på Sæbø i Radøy kommune

Høyringsuttale fra Naturvernforbundet Hordaland

### Bakgrunn

Bakrunnen for denne søknaden er ønsket frå skognæringa og grunneigar om og auka skogproduksjonen. Går vi tilbake 100 år, så var store deler av Radøy nedbeita og utan skog, men med store areal kystlynghei. Denne naturtypen, som er avhengig av periodisk brann og sauebeitning, er i dag truga, og held på å gro igjen med ulike treslag som bjørk, rogn og kystfuru. På 50- og 60-talet blei store areal av tidlegare kystlynghei og furuskog planta til med meir høgproduktive treslag for å leggja grunnlag for lokal skogproduksjon, først og fremst norsk gran (*Picea abies*) og vestamerikansk sitkagran (*P. sitchensis*), også kalt sitka. På Radøy fins det i dag store areal med til dels hogstmoden granskog.

På kartet som er vedlagt søknaden over det påtenkte sitkaplantefeltet på gnr 87, bnr 1 ser vi at storparten (ca 70%) av arealet er i dag dekt av eit granplantefelt, resten er beitemark og til dels gjengroingsskog. Planen er altså å hogga dette granplantefeltet og planta ut sitka på heile arealet.

### Generelt

Frå skogbruket veit vi at både gran og sitka er høgproduktive treslag, og at særleg sitkaen har gode tretekniske eigenskapar og er ekstremt godt tilpassa kystklima. Det som er problemet med sitkaen, er at i motsetning til gran, produserer den store mengder med spiredyktige frø kvart år frå ein alder av 15-20 år og oppover. Desse frøa kan spreia seg fleire hundre meter ut frå mortreibestanden. I det aktuelle tilfellet vil arealet rundt det omsøkte plantefeltet vera hogstflate eller beitemark, med relativ høg andel eksponert mineraljord, der sitkafrø kan slå rot og gi opphav til nye planter. Tettleiken av småplanter på slike areal er målt til 500-1 000 pl/daa på 4-8 år gamle hogstflater (Skre 2015). Med ei generasjonstid på 15-20 år vil denne spreininga av sitka gå raskt, og den skogen som kjem opp, vil konkurrera ut både naturleg furu, bjørk og lyskrevande urter og treslag på bakken. Resultatet er ein reduksjon i artsmangfaldet og ei forskyvning av bakkevegetasjonen i retning mot meir skuggetolerante artar og mosar (Saure 2012, Saure et al. 2013). Derimot har norsk gran vanskeleg for å spreia seg frå plantefelt i kyststrok i Hordaland (Skre 2015), mest på grunn av dårleg frømodning og -kvalitet og ustabilt og/eller

manglande snødekkje. Norsk gran har også vanskeleg for å etablera seg på lyngmark og furuskog, på grunn av det tjukke mose- og humusdekket over mineraljorda. Grana er også dårlegare tilpassa kystklima enn sitka på grunn av det grunne rotssystemet, som lett fører til rotvelt i sterk vind.

### Referansar

Saure, H.I. 2012. Impact of native and introduced coniferous species on biodiversity in semi-natural coastal vegetation, western Norway. Ph.D. dissertation, University of Bergen

Saure, H.I., Vetaas, O.R., Odland, A. & Vandvik, V. 2013. Restoration potential of native forests after removal of Picea abies plantations. For. Ecol. Man. 305, 77-87.

Skre, O. 2015. Forynging av norsk gran og sitkagran frå plantefelt i Hordaland. 7 pp. Årringen 19 (in press)

### Konklusjon

Det omsøkte tiltaket inneber ein stor risiko for at sitkaen over tid vil spreia seg ukontrollert ut i kringliggjande terren, som i dette tilfelle stort sett er hogstflater og beitemark, med stort potensial for etablering av sitkasmåplanter. På langt sikt over fleire 15-20 års generasjonar vil sitkaen spreia seg stadig lenger ut frå mortreibestandet, konkurrera ut naturlege treslag og planter, og truga det som enno fins av kystlynghei på Sør-Radøy.

Naturvernforbundet Hordaland er difor imot at det blir planta sitka på det omsøkte området. Årsaka er først og fremst at det vil bli vanskeleg å kontrollera sitkaspreiinga, men også verknaden av plantefeltet på naturmangfaldet. Dette gjeld også eventuelt granplantefelt, men granspreiing vil vera mykje lettare å kontrollera enn sitkaspreiinga. Vi viser her til krava til kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet som er nedfelt i §8-12 i Naturmangfaldlova.

Med vennleg helsing

For Naturvernforbundet Hordaland

Siri Haugum  
nestleiar

Oddvar Skre  
saksbehandlar